

Trivleg søndagsettermiddag på Rødtunet.

28.08.2016



Ståle Eik mottar pokal som syneleg bevis på at han er Kvinnheradsmeister på stytter 2016.

Etter regnfulle dagar var vergudane i godlune då museumsdagen på Bygdetunet Rød vart arrangert søndag ettermiddag. Det perfekte veret med god temperatur var sterkt medverkande til at dei frammøtte storkosa seg. Programmet starta med gudsteneste i røykstova og vart avslutta med styltemesterskap og musikk ute.



Museumsdagen opna med gudsteneste ved sokneprest Lina Håland. Kristian Bringedal t.h. var organist.

Som vanleg var gudsteneste første post på programmet. I år som i fjor var det sokneprest Lina Håland som heldt preika. Tema for gudstenesta var felleskap og kjærleik. Saman med tekstlesingane og salmesongen gav preika ein god og varm stemning i røykstova. I samband med gudstenesta må også Kristian Bringedal nemnast. Han fungerte både som organist på trøorgel og som kyrkjetenar(ringar). Han kom godt frå oppgåvane. Dei siste åra har kunstutstillingsopning vore eit fast innslag. Slik var det også i år. Utstillar var Elin Flindt som viste fram flotte akvarellar med naturmotiv både frå kyst og fjell. Dette er ei salgstilling, og eg anbefaler alle å få den med seg. Den vil stå oppe dei neste to vekene fram til 11.09. då det vert konsert med songgruppa Glimrah under leiing av Maria Malmsten på Rød.



Elin Flindt stilte ut flotte akvareller.

Etter utstillingsopninga føregjekk det meste ute. Det veksla mellom musikk av Uskedal musikklag og god underholdning og spenning frå deltakarane i Kvinnheradsmeisterskapet i styltegang. Innimellom kosa publikum seg med gode kaker og kaffi og saft som soknerådet sytte for salg av.

Eg må sei at eg er storleg imponert over deltakarane i styltemeisterskapet i år. Styltegeneral Bjørgulg Eik lokka med ny vandrepokal, og deltakarane viste framfrå innsats! Alle kom seg godt gjennom den vanskelege løypa, og yngste deltakar Karoline Myklebust gjennomførte flott og fortener både applaus, og konkurranse frå fleire jenter/damer til neste år. Blant mennene vart det eit skikkeleg nappetak. Både Bjarte Lunde, Ståle Eik og Sigmund Myklebust hadde napp i den førre vandrepokalen før Audun Eik vann den til odel og eige i fjar. No kjempa dei om det første nappet i den nye pokalen som er sett opp av Byggeriet Uskedal Trelastlager AS. Alle leverte svært sterke løp, og spenninga var stor då stylte-sekretær Siv Framnes les opp resultata. Ville tittelforsvarar Audun Eik klara det?? Nei, denne gong viste storebror Ståle Eik kven som er størst!! Han vart Kvinnheradsmeister 2016 tett fulgt av Audun Eik, Sigmund Myklebust og Bjarte Lunde.

Då spenningen var utløyst vart museumsdagen avslutta med feiande musikk av musikklagsjengen som spela Polka Party. Ein flott ettermiddag på Rød!!



Reidar Myklebust viser fram jordmorkofferten etter bestemora, Anna Myklebust, som han har gjeve til museumssamlinga.



Unge Karoline E. Myklebust imponerte på styltene.



Regerande meister Audun Eik fekk same tal prikkar som broren Ståle, men brukte lengre tid. Dermed mista han tittelen.



Uskedal musikklag sytte for musikk.(Foto: K. Bringedal)

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.